

## **Referat møte FAU 03.02.2021 kl 18.00 – 19.05:**

Til stades:

	Kristin Sundfør	X
2a	Anette Angeltveit Thoresen	X
2b	Trond Harald Hystad	X
3a	Nelly Karin Særsten Oma	X
4a	Eirik Skjelsnes Larsen	X
4b	Svenn Kåre Liodden	X
5a	Kristine Aasheim Imsland	X
5b	Karl Petter Østensen	X
6a	Christina Onarheim	X
6b	Hildegunn Gaustad	X
7a	Ina Marie Sagen-Roland	X
7b	Ingebjørg Grøsvik	X

Andre: Rektor, Pål Helland.

### **SAKLISTE:**

#### **18/20 - 21: KOMMENTARAR TIL SISTE REFERAT**

Svenn Kåre Liodden spurte om det var nokon som hadde fått konkrete innspel/ideer til sak 10/20-21 Idedugnad – Kan FAU bidra til å betra utemiljøet til ellevane?

Christina Onarheim hadde eit konkret innspel som var knytt til selskapet Rampline som laga «balanseleiker» som ein kunne vurdere heilt konkret opp mot utbetring av utemiljø. Nettstaden <https://rampline.no/no/> kan sjekkast ut om det blir aktuelt å kjøpe inn noko herfra. Skular i Stavanger og Bergen-regionen har gått til innkjøp av leiker frå denne leverandøren.

Under **Ymse** frå førre møte (25.11.20) stod det litt om eit punkt om teieplikt og SFO tilsette, som me ikkje fekk tid til å ta opp. Kristine Imsland spurte om kva dette gjekk ut på.

Pål Helland informerte FAU om at dette kun var meint som eit informasjonspunkt til FAU. Rektor ville informera om at leiinga ved skulen hadde hatt eit avklaringsmøte med vikarar knytt til SFO, kor dei hadde informert om obligatorisk teieplikt for tilsette og kva denne teieplikta inneber.

#### **19/20 - 21: BANK-KONTO FAU SVENN INFORMERER**

Leiar i FAU informerte om at han skulle opprette ein eigen bankkonto for FAU og ein konto for Elevrådet.

#### **20/20 - 21: SKATEPARK – INFO FRÅ SVENN**

**Følgande link vart sendt ut før FAU-møtet. <https://www.flipsnack.com/betongpark/-/full-view.html>**

Her var det eksempler på korleis ein slik skatepark kunne utformast.

Svenn Kåre Liodden har hatt dialog med ein kjenning i selskapet «Betongpark» for å få informasjon om korleis eit slikt prosjekt kan utformast. Liodden ville gjerne ha tilbakemeldingar frå FAU om korleis ein skulle gå vidare med dette.

Det var normalt 3 måtar å gjere dette på:

1. Gjere alt sjølv – planlegge – innkjøp og bygging.
2. Gjere dette i tett dialog/samarbeid med leverandør (kor ein gjer det som er fornuftig/mulig med eigeninsats, men får hjelp til søknadar og praktiske gjeremål).
3. La ekstern leverandør få total entreprise.

Alternativ 2 er vel det som er vanlegast og kanskje mest fornuftig.

**Grovt budsjett for kva eit slikt anlegg kan koste:**

Skatepark – ca 1,5 millionar, kor grunnarbeidet utgjer ca 700 000 – 1 000 000.

«Pumptrack» – ca 1 million.

Balanseleiker/parkouranlegg ca 1 million.

Det kom innspeil frå representantar i FAU at me måtte sjekke med kommunen om reglar for oppsetjing av denne typen anlegg, samt at me må setja oss inn i kva reglar som gjeld rundt offentleg anskaffing i slike prosjekt. Her vil rektor kunne bistå med informasjon.

Svenn Kåre meldte seg frivillig til å jobbe litt vidare med denne ideen og komme med forslag til ein meir konkret framdriftsplan, som så blir presentert for FAU.

## **21/20 - 21: UTEOMRÅDET – LAGE PARKOURBANE NEDANFOR GYMSALEN**

Parkourbane (utan høge apparat). Pål førebur eit dokument der – der FAU etterkvar får namn på oppgåver i samband med bygginga av banen. Pål får Gareth (rektor i Kulturskulen) til å vera med på å utforma banen, han har erfaring med å teikne slike anlegg. Denne bana skal setjast opp der kor skaterampen stod tidlegare. Den vil bestå av eit leikeapparat som Apply Leirvik har sveisa i gåve, samt nokre kabeltromlar og kanskje nokre bildekk. Bana vil vera låg, men skal kunne vera eit alternativ for dei borna som ikkje vil spele fotball eller andre tilgjengelege aktivitetar.

Her kan me få til noko relativt kjapt med låge/eller ingen kostnad. Me bør ta ein runde med lokale selskap som til dømes Stord Dekkservice, Haugaland Kraft, SKL eller liknande for å høre om dei vil sponse nokre bildekk, kabeltromlar eller anna som kan vera aktuelt. Dette bør også vera ein ypparleg kandidat til ein eventuell foreldredugnad, som me snakka om på førre møte.

Rektor Pål Helland påtar seg ansvaret for å konkretisera ei skisse over korleis dette kan sjå ut, så tar me det vidare neste gong.

## **22/20 - 21: LEIKER SFO – HAR HEIMANE NOKO DEI KAN DONERE (SFO KJEM MED LISTE)**

SFO ynskjer fleire leiker av typen Playmobil, Barbie, Pokemon o.l. SFO vil komma med ei spesifisert liste. Kanskje nokre heimar har slike leiker som dei vil donera til SFOen vår?

Me diskuterte litt i FAU om dette var «stuereint» å spørje om. FAU var einig om at dette måtte vera innanfor. På ville distribuere ønskelista frå SFO til dei einskilde FAU-representantane, som deretter sjekkar med sine respektive klassar via Facebook eller liknande.

#### **13/20 - 21: OFFISIELL FACEBOOK-SIDE**

FAU vart utfordra til å ha ei mening om Hystad Skule burde ha ei offisiell Facebook side, slik som ein del andre skular har byrja med.

FAU meinte at dette kunne vera både informativt og meiningsfylt, men at ein bør laga klare køreregler for kva innhald som skal publiseraast her og avklare kva som er målet med ei slik side eventuelt. Det var litt diskusjonar i gruppa om kva type innhald som kunne vera der men me landa ikkje på noko konkret. FAU vedtok at plangruppa lagar eit utkast til «gjeldande politikk» for ei slik side og at FAU kan komme med innspel til forslaget før det vert endeleg vedteke.

#### **14/20 - 21: HJARTESONE – INFORMASJON FRÅ REKTOR**

Rektor informerte om status for Hjartesone prosjektet. Ein har kikka på trafikksikringsplanar for skular i Oslo-regionen og tatt utgangspunkt i desse når ein har utarbeida Hystad skule sin eigen plan. Det er då mellom anna utarbeida konkrete aktivitetar som kan utførast per trinn. Pål kunne informere om at Stord kommune har vore veldig positive til Hjartesoneprosjektet ved Hystad og ønsker at dette skal utvidast til å gjelda alle skulane i kommunen. Tjødnalio har allereie vore i kontakt med rektor for å få informasjon om kva Hystad har gjort så langt i prosessen. Rektor har vidare vore i dialog med både Trygg Trafikk, Bergen Kommune og vegsjefen i Stord kommune for å få meir informasjon om utarbeiding av skilt som skal setjast opp i dei ulike dropp-punkta (hjartesonene). Det er ingen ferdige skilt som ein kan bestille, men Trygg Trafikk har laga forslag til korleis slike skilt kan sjå ut.

Trafikkgruppa i FAU vil saman med rektor arbeida vidare med ein framdriftsplan for korleis me skal få informert foreldre om innhaldet i prosjektet (Transponder/heimeside), utarbeide og sette opp skilt, praktisk info om innhaldet, kick-start og plan for bruk av effektar for å fremja bodskapen. Det er viktig at ein når ut til både foreldra og elevane med bodskapen her.

Målet med prosjektet er at 90 % av alle elevane anten går eller syklar til skulen.

#### **15/20 - 21: MITT VAL – INFORMASJON FRÅ REKTOR**

Hystad skule har oppmoda FAU-medlemmene til å sjå på innhaldet i "Mitt valg"-programmet. Dette er eit velprøvd program, i regi av Lions, for å støtte det lovpålagte arbeidet som skulen har knytt til § 9A. Link: <https://www.determinittvalg.no/skole/>

Rektor informerte om at både elevar og lærarar ved Hystad skule har testa ut programmet over ei tid. I etterkant har dei evaluert opplegget og elevane sine tilbakemeldingar er at programmet er både kjekt, lærerikt og aktuelt. Lærarane var også positive til opplegget og fremja at det både var interessant og enkelt å bruke. FAU-medlem Anette Thoresen meldte også tilbake at ho hadde laga seg ein testbrukar og kikka litt på opplegget. Ho meinte det var oversiktleg, enkelt å bruke og fremja gode verdiar.

FAU vedtok difor at Pål Helland skulle gå vidare med ei konkret bestilling av livsmeistringsprogrammet «Mitt Val» for ein 3-årsperiode.

**16/20 - 21: STORD KOMMUNE SOM NULLUTSLEPPSKOMMUNE 2030**

Stord kommune som nullutsleppskommune. 17. februar – markering av starten på prosjektet.

Pål Helland informerte om at kommunen har vedteke at dei skal bli ein nullutsleppskommune og at dei skal laga ein eller anna «digital event» 17.februar, som truleg vert kringkasta på Stord Kommune sine nettsider.

**17/20 - 21: YMSE**

- Headset til elevane – rektor informerer. Hystad skule har brukt 60 000 kr på innkjøp av headset til alle elevane på skulen. Headsettet blir merka med eleven sitt namn og skal ligga på skulen. Har blitt veldig godt motteke av både elevar og tilsette ved skulen.

- Rektor tok opp om Hystad skule skulle vidareføra «dreieboka» for gjennomføring av 17.mai eller om FAU ville setje seg ned og utarbeida eit nytt opplegg. FAU diskuterte litt og landa på at me burde vidareføre opplegget som var innarbeidd, men at ein burde sjå på enklare betalingsløysingar som til dømes VIPPS. Her vil kontoen som FAU får oppretta kunne nyttast.